



Villreinnemnda for Setesdalsområdet

Statkraft v/Kristiansen Jostein

Dykkar ref.

Vår ref.
19/83-4 19/1003
Jarle Lunde

Arkivkode:

Dato:
17.01.2019

BYGGING AV VESLE KJELA KRAFTVERK – VILLREINHENSYN

Me viser til fleire e-postar med bakgrunnsinformasjon om Vesle Kjela kraftverk og spørsmål om villreinnemnda har synspunkt knyt til gjennomføringstidspunkt, spesielle periodar med trekk for villrein ol.

Villreinnemnda uttalar seg i forhold til villreininteresser. Jfr § 21 i Forskrift om forvaltning av hjortevilt skal nemnda arbeida for ei langsiktig berekraftig forvaltning av villreinen og villreinen sine leveområde.

Bakgrunn

Det er gitt konsesjon for Vesle Kjela kraftverk. I «KV-notat nr.: 3/2014 - Bakgrunn for vedtak» heiter det:

*«NVE mener at de negative konsekvensene ved tiltaket i all hovedsak er knyttet til en eventuell negativ effekt for villreinen. Villrein er en norsk ansvarsart, da Norge er det eneste landet i Europa som har rester av den opprinnelige ville fjellreinen. Ved en eventuell konsesjon anser NVE selve anleggsperioden som negativ i forhold til reinen. Området er pr. i dag allerede beheftet med inngrep og menneskelig aktivitet, bygging av en kraftstasjon som blir liggende dypt i fjell vil ikke medføre ytterligere støy i en driftsfase. **NVE forutsetter således at anleggsarbeid kun legges til perioder av året der trekkaktiviteten blant villreinen er lav, om det blir gitt konsesjon.**» (vår utheving).*

Planstatus og villreinen i området

I Regional plan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen), ligg tiltaksområdet i nasjonalt villreinområde. I tillegg ligg det i «Hensynssone trekkområder». Jfr planen skal det her «så fremt det er mulig, ikkje tillates aktivitet som fører til unødvendig forstyrrelse når reinen trekker». Trekkveggar bidreg til å kople samen to viktige villreinområder, Setesdal-Ryfylke og Hardangervidda, noko som er viktig med tanke på å utvide villreinen sitt habitat og genetiske utveksling.

Tiltaksområdet er altså rekna for å vere eit av kryssingspunkta av E134. Forsking med hjelp av GPS-data frå heile Norge har vist tydelege resultat som viser at villrein unngår veg og vegen sitt nærområde. Dette gjeld og E134 over Haukelifjell. I Vågsli har det i tillegg vore ei storstilt utbygging av hyttefelt og alpinanlegg som medfører stor aktivitet. Dette, saman med

Suldal kommune har sekretariat for Villreinnemnda for Setesdalsområdet.

Postadr.: Sandsvegen 122, 4230 Sand.
Tlf: 52 79 24 35 (404 18 967)
E-post: jarle.lunde@suldal.kommune.no.
Nettside: <http://villrein.no/setesdal-nemnd/>



det regulerte Kjelavatnet, gjer at området i dag framstår som sterkt verdiforringa trekkområde for villrein. Det har likevel vært tilfelle der rein har passert over Vågslittunnelen i seinare år. Bukk er oftast i område.

For villreinen i Setesdal Ryfylke er vinterbeite ein minimumsfaktor. Det har difor stor viktighet at det er tilgang til vinterbeite nord for E134. Særleg gjeld dette i vintrar med avgrensa beite på grunn av snøforhold eller nedising. Villreinen trekk over tidleg på vinteren. Utpå vinteren trekker dyra normalt sørover igjen.

Konklusjon

Det er få korridorar att der villreinen kan trekke mellom dei to villreinområda. Nye inngrep som ytterligare kan avgrense trekket må ein difor vera særleg merksam på.

Villreinnemda er samd med NVE at det er anleggsperioden som i hovudsak er negativ i forhold til reinen, i mindre grad drifta. Anleggsperioden bør difor vere så kort som mogleg. Enno viktigare er det å unngå anleggsperiodar når villreinen potensielt kan trekke gjennom tiltaksområde og passere E134.

Med bakgrunn i dette meiner villreinnemda at ein i anleggstida må strekke seg langt for å forstyrre villreinen minst mogleg i perioden desember til og med mars. Dette må komme tydeleg fram i Detaljplan for miljø og landskap. Dette gjeld ikkje berre sjølve arbeidet på staden med rigging, sprenging osv, men og snøbrøyting og ferdsel inn til anleggsområdet. Primært meiner villreinnemda at anleggsdrifta bør opphevast totalt i den nemnde perioden, men kan sekundært godta drift ein vinter for dermed å kunne korte ned anleggstida. Kort anleggstid vil også gagne villreinen.

I driftstida må ein også minimere ferdselen i området. Det bør leggjast ferdselsrestriksjoner for anleggsveien inn i området.

Vennleg helsing

Margit Smeland
leiar

Jarle Lunde
sekretær